



## ***Til Laga i Hordaland folkemusikklag!***

Aktiviteten går på sparebluss i desse tider, i lokallaga og i områdelaget. Med unntatak av strøyme-konsertar er arrangement og øvingar sett på vent.

Men det kjem nok tider etter dette, og litt oppdateringar kan gjerne vera høveleg.

***Hordakappleiken 2020:*** Den rakk vi akkurat å gjennomføra- Kvemmingen spel –og dansarlag sto for arrangementet i Kvam/Strandebarm, - det vart riktig triveleg og vel gjennomført. Resultatliste er sendt ut før, og ligg og på heimesida til HFL :

<https://hordalandfolkemusikklag.custompublish.com/>

***Årsmøte HFL 2020:*** Vi rakk og å gjennomføra årsmøte i samband med kappleiken; referat frå det ligg og ute på heimesida. Styret held fram eit år til utan endringar .

***Tilskot frå HFL:*** Det var ein ny søknadsfrist no 1. mai, - styret vil i løpet av mai gå gjennom søknader som ligg og gje svar til søkjarane.

Hugs ny søknadsfrist 1. august – har de tiltak som de planlegg å gjennomføra litt fram i tid er det høve til søkja! ( sjå på heimesida under «søk stønad»)

***Stønad frå Vestland fylkeskommune:*** Vi hadde i mars eit svært nyttig nett-møte saman med representantar frå kulturavdelinga i fylkeskommunen og Sogn og Fjordane folkemusikklag.

Ut frå det vart det sendt samordna søknader om driftsstønad tilsvarande det som er løyvt for 2020. I tillegg er det søkt om ei ekstraløyving for samarbeidstiltak mellom folkemusikklaga.

***Samarbeid med Sogn og Fjordane fml.:*** Det er god kontakt mellom dei to områdelaga om vidare samordning,- m.a. tek vi sikte på å oppretta ei samordningsgruppe for å arbeida vidare med dette. Å få liv att i Mo-kurset er eit konkret tiltak som vil bli arbeidt med som del av fellestiltaka.

Fylkeskommunen er tydeleg på at ei tett samordning, over litt tid helst ei samanslåing, av områdelaga er ynskjeleg. Det er difor eit siktemål for samarbeidet, men naturleg nok må det vera semje om det og finnast gode overgangsordningar.

***Status for arrangement:*** Som de har registrert er ei rad større arrangement avlyste. Innafor Vestland fylke gjeld det t.d. Blømingfestivalen i Kinsarvik, Hardanger musikkfest, Hardingtonar, Førdefestivalen, fylkeskappleik i Sogn og fjordane m.fl. Landskappleiken , Landsfestivalen og andre større kappleikar / festivalar går same vegen.

Når det gjeld Vestlandskappleiken er det ikkje endeleg avklart. Det har ikkje meldt seg arrangør til den så langt, men det reknar vi med må ordna seg. Førebels ligg vi litt på vent, og får ta stilling til den når vi ser kva som er råd utpå hausten.

**Øvingar og aktivitet.** Danseøvingar ligg nok diverre litt ut i framtida – det må bli «familiedans» eller «solodans» i heimane rundt omkring!  
Øvingar/samlingar for Bygda dansar i Hordaland er naturleg nok og i kvilestilling for tida.

For spelsida er det no mogleg å starta opp med øvingar, med litt tilrettelegging bør det vera greit å få til.

Det er utarbeidd eigen vegleiar for musikkøvingar som kan nyttast :

<https://www.musikk.no/nmr/om-oss/medlemsorganisasjoner/ressurser-for-medlemmer/veileder-smittevern-for-musikkovelsler>

Årsmøte som ikkje er haldne kan for dei fleste sitt vekomande gjennomførast som nettmøter , evt. som fysiske samlingar viss det er få deltakar. Alternativt må dei sitjande styra halda fram til det kan gjennomførast ordinære årsmøte.

Hordaland folkemusikklag 6.mai 2020  
hordalandfolkemusikklag@gmail.com

helsing styret. i HFL